

## **Oppstart av ny gruppe i Voss barnehage: Utegruppa i Voss barnehage**

Over ein lengre periode har Voss barnehage i samarbeid med foreldregruppa (SU) hatt eit ynskje om å starta opp ei gruppa til med fokus på «utepedagogikk». Namnet på gruppa er ikkje bestemt, men per no vil den vera omtala som «Utegruppa».

Oppstart av ei utegruppe til vil ikkje gje fleire plassar i Voss barnehage, men er ei omorganisering av eksisterande tal born og plassar i barnehagen.

Utegruppa skal ikkje vera ein kopi av dagens Villmarksgruppa som har eksistert i mange år, men vera eit tilbod til fleire born og familiar som ynskjer ein barnehagekvardag prega av meir tid i naturen og pedagogisk innhald utandørs. Villmarksgruppa skal vera ein fagleg støttespelar til den nye gruppa, og det blir lagt opp til eit godt samarbeid mellom dei to gruppene.

Utegruppa vil ha fast base i Leikeskogen. Her har barnehagen allereie ein godt opparbeida leirplass med stor «vedfyr» Lavvo, gapahuk og bål plass. Leirplassen er i fin gangavstand frå Voss barnehage og ligg eit lite stykke inn i skogen ovanfor Tvildesvegen.

Dei tilsette på gruppa skal få moglegheit til å forma kvardagen saman med barnegruppa.

### **Nokre kriterium for at det blir oppstart av ei ny utegruppa:**

- Oppstart av denne gruppa er ei omorganisering i Voss barnehage. Ved oppstart vil difor plassane her i hovudsak vera prioritert born som søker plass, og allereie har plass i Voss barnehage. Ved ledige storbarnsplassar i barnehagen kan det likevel vera mogleg for andre søkjarar å få plass.
- Det må vera minimum 12 barn som søker plass for å starta opp.
- Gruppa vil ha plass til enten 12 eller 18 barn.

### **Kort praktisk informasjon om gruppa:**

- 4 dagar i veka vil gruppa vera i Leikeskogen som base. Ein av desse dagane kan bli andre stader enn i Leikeskogen. Den siste dagen vil vera i barnehagen.
- Gruppa vil gå til leiren ca. kl. 09.00 og vera tilbake til barnehagen kl. 15.00.
- Det vil vera ein pedagog og ein fagarbeidar/assistent dersom gruppa blir 12 born. Dersom det blir 18 born på gruppa vil det vera ein pedagog og to fagarbeidarar/assistentar.
- Tilsetting på gruppa vil gå føre seg med ei intern lysing i barnehagen.
- Det er no mogleg å søkja på «Utegruppa» i søkeportalen i IST.

*For meir informasjon ta kontakt med styrar i Voss barnehage Tor-Einar Wahl (90825233)*

## Informasjon om Villmarksgruppa i Voss barnehage

Me reiser til skogen frå barnehagen ca. kl. 09.00. Me reiser tilbake frå leiren på ettermiddagen og er i barnehagen til klokka 15.00.

Godt over kuldegropa, og i eit nydeleg skogs-terreng med hemmelege stiar, flott undervegetasjon, gamle stubbar, knekte trestammar, tyttebærtuer, blåbærlyng og moltemyrar finn me nærområdet til Villmarksgruppa.

Villmarksgruppa er ein del av Voss barnehage, men med auka fokus på uteliv og opphald under open himmel. Me nyttar bussen til å komme oss ut dit. Då kjem me oss inn i terrenget som kler namnet på gruppa. I kvardagen vil det vere i leiren i Storåsen, men bussen gjev oss også andre alternativ til turar i Vossabygda.

Me er ei gruppe på 18 born i alderen 3-5 år, med tre vaksne tilhøyrande denne gruppa. Dei vaksne består av ein fagarbeidar, ein barnehagelærer og ein pedagogisk leiar. Villmarksgruppa skal nytta naturen som leik og læringsarena fire av fem dagar i veka.

Tid er nøkkelen til vår pedagogiske tilnærming, me er ikkje berre på eit kjapt besøk i skogen, men me er der med tid og rom til å slå oss ned og til og sjå endringane i naturen. Naturen gjev oss høve til å brøyte plass for tanken og samtalen, miljøet rundt oss vil også integrere den kreative og den fysiske utviklinga til borna i mykje større grad då dette er ein naturleg del av kvardagen. Den vaksne si rolle er særskild viktig, og krava til at den vaksne er engasjert og indre motivert er vesentleg, då mykje av grunntanken som ligg i botn når ein skal drive pedagogisk arbeid i naturen, er ein «ryggsekk» med kunnskap om naturen og ei genuin interesse som kan smitte over på borna.

Me ynskjer å skapa god relasjonar, tilhøyrigheit og meistringskjensle hand i hand med naturen rundt oss. Når me er i naturen så er me omringa av det som er ekte, dette ekte kan me gripe fatt i og kjenne på, den som får erfare dette kan lettare forstå.

### *Pedagogisk aktivitetar:*

Dette vil ta utgangspunkt i årsplan/ halvtårsplan og anna planlegging når gruppa er etablert på bakgrunn av omgjevnadane og moglegheitene naturen gjev oss.

For meir informasjon ta kontakt med styrar i Voss barnehage Tor-Einar Wahl (90825233